

ÅRSMELDING FOR STRANDA SOGELAG 2018

Styret har i perioden vore:

Jens Arne Hessegerde, leiar
Harald Lied
Fredmøy Wollen
Tor Arne Tryggestad
Ola Lied

Varamedlemer:

Rolleiv Berge
Ola Ødegård
Inge Bjørdal
Liv Sørheim
Knut J. Tryggestad

Sekretær: Tordis Urke

Revisor: Sverre Drege

Sogelaget har dette året halde 7 styremøte og 28 saker har blitt handsama. Medlemstalet var ved utgangen av året 382, ein nedgang på 37 frå året før. Av desse er 5 døde.

Årsmøte

Det vart halde årsmøte på Storfjord Kulturhus "Kalvehagen" den 20. mars 2018 kl. 19:00. Årsmelding og rekneskap vart godkjent utan merknader. Leiar Arne Ola Stavsenng ønskte avløyning, men det hadde ikkje lukkast valnemnda å finne ny leiar. Det vart vedteke å halde eit framhaldande årsmøte for å fullføre valet med ny leiar.. Etter årsmøtet var det ei enkel servering og filmframvising av ein film om flygaren Nicolai Slettvoll. Valnemnda gjorde eit stort arbeid for å finne leiar. Framhaldande årsmøte vart halde 25.4.18 og Jens Arne Hessegerde vart vald for perioden 2018-2019.

Representantar for Stranda Sogelag

Ingebjørg Fivelstad har vore medlem i styret for Hellesylt Bygdetun men har sagt frå seg attval. Vi har ikkje fått førespurnad frå Hellesylt Bygdetun om nytt medlem. Tor Tryggestad har vore vararepresentant.

Kåre Stadheim har møtt som Sogelaget sin representant i generalforsamlinga for Storfjord Kulturhus.

Kåre Stadheim har møtt i møte om sjøfart og sjøbruk i Storfjorden arrangert av Sunnmøre Museum.

Aktivitetar

Sogelaget hadde stand på Husflidsmessa 27. okt på Storfjord kulturhus. Det vart seld bøker for kr 2.000,- og 2 nye medlemmar.

I 2017 sa 14 personar seg som interessert i å vere med i ei veneforeining for Berge Trevarefabrikk. Dei har no danna eit interimsstyre som vil arbeide vidare med vernearbeidet for Berge Trevarefabrikk.

Det kom inn eitt forslag til Stranda Sogelag sin Vernepris i 2018. Det var Lensmannstova i Sunnylven som vann verneprisen for 2018. Sogelaget var utgjevar av Kolbein Langlo si bok Langlo -100 års jubileum. Ei innhaldsrik og fin bok om strandindustrien og spesielt Langlo sine 100 år.

Kulturfesten

Tysdag 6. november arrangerte Stranda Sogelag ein svært vellukka kulturkveld i Storfjord kulturhus der ca 150 deltok.

Einar Stranden, med røtene sine frå Stranda, heldt eit svært interessant føredrag. Først om den store oppgåva ved å bygge den særeigne bilen Scorpione og deretter om sitt spennande liv som professor på A-hus der han har utvikla mange medisinske hjelpemiddel som i dag vert

selt over heile Europa. Flotte musikkinnslag ved elevar frå musikkskulen.
Utdeling av Stranda Sogelag sin Vernepris til Lensmannsgarden i Sunnylvn. Ein verdig vinnar som fekk tildelt plakett utforma av Rolf Saure i tillegg til fine blomar.

Kaffipause med utdeling av årets Bygdeminne er fast innslag.
Vi fekk også sjå ein lokalhistorisk film der Reidun Smogeli Helsem intervjuar Jenny Siem om mangt og mykje i livet hennar, men spesielt om song- og musikklivet her på Stranda.
Til slutt var det trekning av dei flotte gevinstantane som næringslivet på Stranda var så rause å gi Sogelaget. Sogelaget er svært takksame for den positive støtta.
Det er god grunn til å takke festkomiteen for ein godt førebudd og gjennomført kulturkveld.

Bygdeminne

Bygdeminne 2018 var nr. 35 i rekkja og hadde eit opplag på 600. Sidetalet er 144. Styret i Sogelaget oppretta i 2018 ei ansvarleg gruppe for Bygdeminne der Harald Lied er leiar og redaktør. I gruppa er også Kåre Stadheim og Arne Inge Tryggestad. Denne gruppa har stått for både innsamling og produksjon av stoff. Arne Inge Tryggestad har stått for det grafiske arbeidet og all kontakt med trykkeri og innbindar.

Det er også i 2018 oppretta ei skrivegruppe som hjelper den ansvarlege gruppa med å digitalisere stoff som er innlevert til Sogelaget gjennom tidene. Sogelaget er svært takksame for dei trufaste leverandørane av stoff til Bygdeminne.

Foto og filmregistrering

Fotogruppa med Ståle Thunem som leiar har utført registreringsarbeid også i år. Ståle no er flytta til Fiskå, men likevel deltek han i arbeidet. Fotogruppa bør likevel få inn fleire hjelparar i gruppa.

Lars J. Skarbø har også dette året utført digitalisering og redigering av levande film. Nokre av desse har blitt synt på ulike tilstellingar.

Det har blitt laga lokalhistorisk film der Reidun Smogeli Helsem intervjuar Jenny Siem. Svein Pettersen og Lars Jacob Skarbø stod for filming og redigering.

I 2018 fekk Sogelaget høve til å henge opp bilde frå Sogelaget sitt arkiv til utstilling på omsorgsbustadane i kommunen

Økonomi

Rekneskapan for 2018 viser eit overskot på kr 11.043,-.

Til minne

Det var med stor sorg vi tok imot budskapet om at den tidlegare leiaren og medarbeidaren Johan Steffen Fivelstad hadde gått bort i august. Han har gjort en stor innsats for Sogelaget og vil bli sakna for det gode arbeidet han gjorde for oss.

Jens Arne Hessegerde | Harald Lied | Fredmøy Wollen | Tor Arne Tryggestad | Ola Lied
Leiar